

Årsmelding

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

2021



Foto: Inge Erikstad

Verneområdeforvaltar
Alf Erik Røyrvik

1. Generelt

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009, og det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011. Verneområdet er på 394 km², og ligg i kommunane Gloppen og Sunnfjord.

Styret

Det vart konstituert nytt verneområdestyre for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet i 2020. Nye styremedlemmer vart oppnemnt etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019. Den 1.jan 2020 vart dessutan fire kommunar slegne saman til Sunnfjord kommune. Tre av desse gamle kommunane (Naustdal, Førde og Jølster) hadde areal i Naustdal-Gjengedal LVO og representant i styret. No har dei ein felles representant frå Sunnfjord kommune, og verneområdestyret er derfor redusert frå fem til tre medlemmer.

Verneområdestyret for perioden 2020-2023 ser slik ut:

Verv	Namn	Representerer	Vararepresentant
Leiar	Karoline Bjerkeset	Gloppen kommune	Olav Fuglestrand
Nestleiar	Marius Dalin	Sunnfjord kommune	Siv Karin Hestad
Medlem	Trude Brosvik	Vestland fylkeskommune	Frank-Willy Djupvik

Styret har hatt tre styremøte i 2021. Eit av styremøta vart gjennomført på Teams, eitt styremøte vart kombinert med synfaring i Gjengedal og eitt vart gjennomført fysisk på Kleppenes Gard i Gloppen. Totalt på desse møta har styret handsama 23 styresaker og seks referatsaker.

Styrearbeidet fungerer veldig godt. Vi har eit lite styre, men vi har dyktige, erfarne og engasjerte politikarar i styret. Særleg vil eg trekke fram evna til å heve blikket og sjå langsiktig og prinsipielt på sakene slik at forvaltninga legg seg på ei linje som kan stå seg over tid og som er føreseieleg.

Verneområdeforvaltaren har delegert mynde til å fatte delegerte vedtak i kurante saker, etter visse retningslinjer. Dette gjeld dei aller fleste søknader om motorferdsel, mindre byggessaker og organisert ferdsel. I 2021 har verneområdeforvaltaren handsama seks saker med delegert mynde. I nokre av sakene har forvaltar konferert med styreleiar før han har fatta vedtak.

2. Saker

Talet på saker i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er på eit lågt til middels nivå samanlikna med andre store verneområde. Saksmengda gjekk ned dei første åra, sidan ein fekk på plass fleirårige løyver for årvisse transportbehov. No ligg saksmengda på eit stabilt nivå. Dei fleste vedtakssakene gjeld motorferdsel, men det vert og handsama nokre bygge-/inngrepssaker og ein del administrative saker. Motorferdselsakene er som regel kurante og vert handsama med delegert mynde. Enkle byggesaker er ofte kurante og, medan meir kompliserte og omfattande bygge- og inngrepssaker vert lagt fram for styret i styremøte.

Motorferdsel

Det er eit moderat nivå på mengda motorferdsel og motorferdselsaker i Naustdal-Gjengedal, og talet på motorferdselsaker har gått ned frå i 2020. Nedgangen er truleg tilfeldig, det varierer litt frå år til år kor mange som må fornye løyver osv. Dei sakene som har vore har vore veldig kurante. Ingen har vore omstridte i nokon grad og i so godt som alle sakene har ein hatt forvaltningspraksis å støtte seg på. Unntaket her er bruk av drone i samband med tilsyn med sau.

Søkjær	Type motorferdsel	Stad/område	Føremål	Handsaming
Gjengedalsmarkja beitelag	snøskuter	Gjengedalsmarkja	saltstein fleirårig	styrehandsaming
Søreide og Ryssdal beitelag	snøskuter	Jardalen og omegn	saltstein fleirårig	styrehandsaming
Håkon Hjelle Roset	motorbåt	Langedalsvatnet	transport material	delegert
Nesstranda sankelag	helikopter	Fjella rundt Kandalen	forsyningar til hytter	delegert
Kjell Reed	helikopter	Restøylen	transport material	delegert
Inge Erikstad	helikopter	Årdalskupa	transport material til naust	delegert
Edvin Hugvik	drone	Breidalen	tilsyn med sau	delegert

Organisert ferdsel

Nordfjord folkehøgskule fekk løyve til å ha teltleir med inntil 170 overnattande ved Haugen innanfor Storevatnet i Gjengedalen 25.-26.august. Løyvet vart gjeve med delegert mynde. Dette er ein aktivitet som forlkehøgskulen har kvart år og får løyve til kvart år. Det at saka vert handsama og må ha løyve er eit høve til å sette naudsynte vilkår, særleg med tanke på avfall, latrine og bålbrunning.

Bygge- og inngrepssaker

- Grunneigarane i Årdalskupa fekk løyve til å bygge naust ved Kupevatnet.
- Vegard Moritsgård fekk løyve til å bygge naust i Traudalen.
- Gloppen kommune og Midtre Nordfjord turlag fekk løyve til å merke rute frå Morafta til Eikeneshesten.
- Nils Ove Roset fekk løyve til å sette ei dør i hytta si ved Fitjestøylen

Administrative saker

- Styret har jobba med, og vedtatt, Kommunikasjonsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernombord, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

2021	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar
Drift styre	190 000	99 431	90 000	51 160	100 000	48 271
Tiltaksmidlar	850 000	752 782	550 000	542 580	300 000	210 202
Tot	1 040 000	852 213	640 000	593 740	400 000	258 473

Styret har hatt ganske moderate kostnadar i 2021. Styret har i utgangspunktet låge kostnadar sidan det er eit lite styre. I 2021 har kostnadane blitt endå mindre grunna pandemien som har lagt nokre avgrensingar på enkelte aktivitetar. Eit planlagt møte vart og avlyst. Vi brukte derfor mindre enn budsjettet til drift av styre og utval.

Vi traff ganske bra på tiltaksmidlane i 2021. Vi brukte 542.580 av dei tildelte 550.000. Vi hadde mange tiltak og det er i utgangspunktet stor usikkerheit kring kostnaden på mange av tiltaka, so det er ganske bra å «treffe» sopass bra på tiltaksmidlane. Meir detaljert om fordelinga av tiltaksmidlar og dei ulike tiltaka står på neste side.

4. Tiltak / bruk av midlar

Generelt:

Vi søkte om 1.060.000 i tiltaksmidlar for 2021, fordelt på 15 tiltak. Vi fekk tildelt 550.000, og 12 av dei 15 tiltaka vart «godkjent» av Miljødirektoratet. Midlane vart deretter fordelt på tiltaka. Det vart jobba med 11 av dei 12 tiltaka, og forbruket av tiltaksmidlar fordele seg slik:

Navn	Sum
Skjøtsel Arnestadstøylen	15 000
Utbetre sti ved Botnavatnet	50 000
Remering og skilting av stiar	14 700
Skjøtsel Sandsstøylen	45 000
Skjøtsel Fitjestøylen	45 000
Barnegrava	25 000
Klopplegging langs stien til Byrkjeneset	178 150
Fjerning av gran	49 500
Sti mellom Kandalsstøylen og Ryssdalsstøylen	60 455
Stien til Mardalsstøylen	59 775
Totalt	542 580

Skjøtsel:

Ein bra del av midlane vart nytta til skjøtselstiltak i 2021. Skjøtsel er veldig viktig, og vi er glade for at skjøtsel har fått eit aukande fokus blant grunneigarar og brukarar. No har vi fått på plass skjøtselsplanar og det vert utført skjøtsel både på Arnestadstøylen, Fitjestøylen og Sandsstøylen. På slutten av året laga vi og ein enkel skjøtselsplan for Ryssdalsstøylen som derfor er aktuell for midlar og skjøtselsarbeid i 2022.

I tillegg har det blitt jobba med uttak av gran som er eit særskilt viktig skjøtselstiltak. I Naustdal-Gjengedal og randsona rundt verneområdet finns det store mengder gran. Det meste er norsk gran, men her er også noko sitkagran. Det er både plantefelt, mindre førekommstar som leplanting o.l., og små granplanter som har frøa seg sjølv. Vi bør i dei komande åra ha større fokus på dette.

Tilrettelegging

Tilrettelegging for friluftsliv er den største «posten» for bruk av tiltaksmidlar, også i 2021. Dei fleste tiltaka gjeld klopplegging og andre mindre tiltak for å gjøre det lettare å ta seg fram langs stiane. Vi er snart kommen heilt i mål med stien til Byrkjeneset som vi har jobba med over mange år no og som er trekt fram i besøksstrategien. Det er Bygdeservice som har utført arbeidet, som ein del av den rammeavtalen vi har med dei.

Det har blitt jobba med klopplegging og stitiltak i fleire område, arbeidet her er utført av grunneigarar etter avtale med forvaltninga.

Informasjon

Vi har hatt eit par mindre informasjonstiltak, mellom anna å sette opp nytt gravminne og informasjon ved «Barnegrava» ved Storevatnet i samarbeid med Hyen sokneråd.

5. Rådgjevande utval

Vi har eit breidd samansett Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord. Utvalet er samansett av ulike brukarinteresser og er rådgjevande overfor verneområdestyret. Rådgjevande utval er samansett slik:

- Indre Sunnfjord turlag – Kjell Arne Hjelbrekke
- Midtre Nordfjord turlag – Katrine Fjellestad Aske
- Førdefjella villreinutval – Torger Eimhjellen
- Villreinnemnda for Sogn og Fjordane – Liv Løken
- Sunnfjord utvikling – Bjørg Kjos-Wenjum
- Visit Nordfjord – Marita Lindvik
- Norges Naturvernforbund Sogn og Fjordane – Erik Solheim
- Nordfjord folkehøgskule – Erlend Aunevik
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Øyvind Hegrenes
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Svein Egil Svorstøl
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Inge Erikstad
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Anne Marie Mjellem
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Jan Ove Kornberg
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Jostein Fuglestrand

Rådgjevande utval har hatt eitt møte i 2021. Det var 30. september på Skei i Jølster, og dei fleste i utvalet deltok på møtet.

6. Administrativt kontaktutval

I 2021 har vi oppretta eit felles Administrativt kontaktutval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord og Ålfotbreen landskapsvernombord. Utvalet er samansett av administrativt tilsette i dei kommunane og fylkeskommunen som har areal i verneområda. Årsaka til at vi har eit felles utval er at både Gloppen kommune og Vestland fylkeskommune har same representantane for begge områda. Administrativt kontaktutval har hatt eit møte i 2021, det var 20.oktober.

Utvalet er samansett slik:

- Lindis Bergland Østgård – Gloppen kommune
- Torbjørn Brandsæter – Gloppen kommune
- Jon Anders Stavang – Kinn kommune
- Bjørn Henry Marthinussen – Bremanger kommune
- Solfrid Trå – Sunnfjord kommune
- Birgit Tansøy – Vestland fylkeskommune

7. Forvaltar og forvaltningsknutepunkt

Verneområdeforvaltar er Alf Erik Rørvik (busett i Hyen). Han vart tilsett 1.oktober 2011 og har vore i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Forvaltningsknutepunkt Sandane, som ligg i 3 etasje i Krånavegen 3 (Sandane Senter).

Det faste naturoppsynet Rune Holen har i 2020 og 2021 jobba med prosjektarbeid, og derfor har Sverre Sæten vore engasjert av SNO sentralt for å vere lokalt naturoppsyn for Ålfotbreen og Naustdal-Gjengedal. Samarbeidet med lokalt SNO har alltid vore veldig godt, og det har det vore med Sverre og. Naturoppsynet er viktige og nyttige samarbeidspartar i forvaltninga, i handsaming av saker og særleg i planlegging, oppfølging og gjennomføring av tiltak.

Forvaltningsknutepunktet på Sandane har i 2021 vore kontorlass for verneområdeforvaltaren, begge dei to naturoppsynstillingane og for nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge i Jostedalsbreen. Vi har eit særskilt godt og triveleg miljø der, både fagleg og sosialt.

Forvaltaren er tilsett hjå Statsforvaltaren i Vestland, i Naturmangfaldseksjonen – Miljøavdelinga. Statsforvaltaren har ingen fagleg styring over forvaltar og sakshandsaming, men forvaltar er administrativt underlagt Statsforvaltaren. Statsforvaltaren har ei rolle i oppfølging av forvaltar og eit visst ansvar for arbeidsmiljøet. Forvaltar er dessutan del av eit særskilt godt fagmiljø hjå Statsforvaltaren.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2020:

- Digital nasjonalparkkonferanse 16.februar
- Forvaltarsamling i Trondheim 5. og 6.oktober
- Fleire små webinar om offentlege innkjøp arrangert av Statsforvalternes Fellesjenester

Foredrag

- Foredrag for friluftslivstudentar ved Høgskulen i Volda, 3.mars
- Foredrag for Flora turlag sitt årsmøte 25.november

Møteverksemd

- Dialogmøte med Miljødirektoratet om nye nasjonalparkar 25.februar
- Avdelingsmøter, seksjonssamling og andre interne møter hjå Statsforvaltaren.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Statsforvaltaren i Vestland
- Uformelle møter med grunneigarar og andre.

Mykje av møteverksemda i 2021 har blitt gjennomført digitalt på Teams, Zoom eller andre nettbaserte plattformar. Både grunna smittevern, men også fordi digitale møter er effektive og sparer oss for både tid og reisekostnadar.

Verneområdeforvaltaren og naturoppsyn har vore på ein del synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.

8. Bilete frå 2021



Bilete 1. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre og forvaltninga. Framme f.v.: Marius Dalin (Sunnfjord), Karoline Bjerkeset (Gloppen) og Trude Brosvik (Vestland). Bak f.v.: Sverre Sæten (Statens natuoppsyn) og Alf Erik Røyrvik (verneområdeforvaltar).



Bilete 2. Utsikt over Øykjeheivatnet, Sørsendalen, Kandalsstøylen, Ryssdalshornet og Reed.



Bilete 3. Blådalen og Blådalsvatnet i Kandal



Bilete 4. Varden på Botnafjellet. Med sine 1572 moh. er Botnafjellet det høgste fjellet i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.



Bilete 5. Nylagde kloppar langs Storevatnet i Hyen. Lenger inne ser vi Byrkjeneset.



Bilete 6. Klopplegging i Botnen, Angedalen. Ved sidan av ser vi spor etter dei gamle små flakane som var lagt ned langs stien. Den nye klopplegginga er samanhengande og meir robust.



Bilete 7. Skjøtselsarbeid ved Sandsstøylen.



Bilete 8. Dronebilete av område ved Sandsstøylen etter skjøtsel.



Bilete 9. Indre Sunnfjord turlag si hytte, Longevasshytta. Hytta vart utvida i 2015 og har i dag plass til om lag 25 overnattende gjester.



Bilete 10. Kupehytta i Årdalskupa. Tilbygget som ligg nærmast på biletet vart ført opp i 2019-2021 og inneholder sanitærrom med «snurredo». Hytta og doen står opne. Doen kan nyttast av ålmenta. Hytta kan lånast/leigast etter avtale med grunneigarane. Det pyramideforma uthuset bak hytta er no rive.